



## 01.01.17: Kommunale øyeblikkeleg hjelp døgntilbod innan psykisk helse og rus



Plikta for kommunane til å etablere øyeblikkeleg hjelp døgntilbod for personar med problem knytt til psykisk helse og rus trer i kraft frå 01.01.17. Det ligg føre ein ny [retteleiar](#) frå HelseDirektoratet som omfattar dette. Det er føresett at tilbodet skal etablerast i eit samarbeid mellom kommunane og helseføretaket og at det skal vere regulert i ein avtale mellom partane.

Av rettleiaren går det fram at ein reknar med at omfanget blir høvesvis lite, og det blir tilrådd å legge dette tilbodet til dei øyeblikkeleg hjelp døgntilboda for somatikk som alt er oppretta.




Etter drøfting i koordineringsrådet og KS sine fora har det vore sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå kommunane og helseføretaket her i fylket. Grappa har vurdert korleis slike tilbod kan etablerast og kva tilstandar/pasientgrupper dei bør omfatte. Dette skjedde før rettleiaren låg føre, men [tilrådingane frå arbeidsgruppa](#) er i stor grad samanfallande med rettleiaren.

Helse Førde vil no ta kontakt med kommunane/kommunesamarbeida for drøftingar. Ein ser ikkje føre seg at det blir behov for omfattande prosessar når dei eksisterande tilboda skal utvidast til å omfatte eit tilbod innan psykisk helse/rus av nokså avgrensa omfang.

## Fastlegane sin tilvisingspraksis

Statistikk i [Samhandlingsbarometeret](#) viser svært store variasjonar i tal tilvisingar til sjukehusbehandling frå fastlegane. Figuren nedanfor (*utdrag*) viser variasjonar frå lege til lege når det gjeld tilvising til døgnoophald ved sjukehus i Helse Førde i 2015. Tilsvarende variasjonar ser ein for tilvisingar til poliklinikk.



Dette kan tyde på variasjonar som ikkje kan forklarast fullt ut med variasjonar i sjukdomsforhold. Det kan igjen innebere at helsetenestetilbodet til den enkelte vil vere ulikt ut frå kvar ein er busett, noko som ikkje er ønskjeleg.

I ny [delavtale om tilvising, innlegging og utskriving](#) som er inngått mellom Helse Førde og kommunane, er det teke inn slik klausul:

«Kommunen og fastlegane skal systematisk legge til rette for vurdering av legetenesta sin tilvisingspraksis ut frå tilgjengeleg statistikk i m.a. Samhandlingsbarometeret, og tilbagemeldingar frå Helse Førde. Dersom legar sin tilvisingspraksis over tid har store avvik frå vanleg praksis som ikkje kan forklarast med forhold knytt til sjukdomsforhold og pasientar, skal kommunen dokumentere ei oppfølging saman med fastlegane.»

Det bør ut frå dette leggjast opp til drøfting i alle kommunar. I nokre kommunar, som Luster, Førde og Flora, er dette alt gjort. Statistikken i Samhandlingsbarometeret er anonymisert, men den enkelte legen kan få sine tal og kan vurdere om desse kan delast. Det er også mogeleg for legane å få tilbagemeldingar frå Helse Førde. Helse Førde vil ta initiativ til dialog med kommunar der legar ligg høgt oppe eller langt nede når det gjeld tilvisingsrate.

## Prosjektet «Kompetanseheving i helsepedagogikk» er avslutta

Prosjektet «Kompetanseheving i helsepedagogikk» har vore eit fellesprosjekt for Helse Førde og kommunane i fylket. Hovudføremålet med prosjektet var å bidra til etablering av fleire og betre lærings- og meistringstilbod i kommunane og i helseføretaket. Lærings- og meistringstilbod er ein sentral del av ei samla rehabiliteringsteneste og vil bli stadig viktigare i åra framover. Det er føresett at kommunane skal ha slike tilbod og overta ein del av desse oppgåvene frå spesialisthelsetenesta.

Prosjektet starta med fire halvdagsseminar for å komme i dialog med kommunane og høyre deira behov og tankar. Etter at to helsepedagogiske kurs er gjennomført, på fem dagar kvar, er det no starta eller planlagt starta opp mot 20 nye tilbod i 11 kommunar i Sogn og Fjordane. Arbeid med å etablere eit nettverk innan læring og meistring i fylket er starta. Helse Førde vil vidareføre eit opplærings- og rettleiingstilbod i helsepedagogikk. Dette er i tråd med [samarbeidsavtalen om læring og meistring](#) som nyleg er ingått mellom helseføretaket og kommunane. [Sluttrapport frå prosjektet](#) vart godkjent i styringsgruppa den 14.07.16.



Prosjektleder  
Maria Ljunglöf

## Samhandlingsforum for akuttmedisinsk kjede under etablering

I den nye [samarbeidsavtalen om den akuttmedisinske kjeda](#) som no er inngått mellom kommunane og Helse Førde er det bestemt at det skal etablerast eit samhandlingsforum for den akuttmedisinske kjeda i fylket. Føremålet med forumet er å:

- Halde kvarandre oppdaterte på faktiske tilbod i dei ulike tenestene i behandlingkjeda.
- Sikre kvalitet og utvikling (inkl. vurdering av avviksmeldingar, tilsynsrapportar, nye retningslinjer og opplæring).
- Drøfte og tilrå samhandlingsprosedyrar.
- Følgje opp nasjonale og regionale satsingar innanfor prehospital medisin.
- Drøfte praktisk samhandling.
- Lage plan for felles øvingsopplegg/kompetanseutvikling.



Forumet er sett saman av leiarar/fagleg ansvarlege ved legevaktsentralane i fylket, AMK og ambulansetenesta, i tillegg til ein KS-opptnemnt kommunal lege, ein representant frå Psykisk helsevern i Helse Førde og to brukarrepresentantar utpeikte av brukarutvalet. Ein tek sikte på å starte forumet så tidleg som mogeleg etter sommarferien.

## PasOpp – pasienterfaringar med norske sjukehus i 2015

### UTSKRIVING

Ble du informert om hva du selv kunne gjøre hjemme ved eventuelle tilbakefall?

Ble du informert om hvilke plager du kunne regne med å få i tiden etter sykehusoppholdet?


### SAMHANDLING

Opplever du at sykehuset har samarbeidet bra med fastlegen din om det du var innlagt for?

Opplever du at sykehuset har samarbeidet bra med hjemmetjenesten/andre kommunale tjenester om det du var innlagt for?

Det blir årleg gjennomført ei [nasjonal undersøking](#) blant vaksne døgnpasientar ved somatiske sjukehus. Nokre av spørsmåla har særskilt relevans for samhandling. Resultata viser at Helse Førde ligg litt under på «utskrivning» og om lag på gjennomsnittet på «samhandling», og at føretaket såleis har ein jobb å gjere. Dette vil bli nærare vurdert og følgd opp.

 kunnskapssenteret



## Aktuelle møte og konferansar

Det er møte i [koordineringsrådet](#) den 15.09.16. [Brukarutvalet](#) har sitt neste møte den 19.09.16. Det neste møtet i Forum for helse, omsorg og folkehelse er fastsett til 21.09.16. Det er planlagt [dialogmøte](#) mellom styret i Helse Førde og politisk leiing i kommunane den 18.11.16. Ein ny erfaringskonferanse i høve til m.a. utskrivning av pasientar blir gjennomført 01.-02.12.16. Sjå elles [Samordningskalendaren](#) og [sidene til praksiskonsulentane](#).